



Referat styremøte i NJFF - Sogn og Fjordane


Stad: Teams

Tid: Måndag 5. desember 2022, kl. 18.00

Tilstade	Ikkje møtt
Håkon Huseklepp (Leiar)	Henning Haugholt
Ingunn Loen Sunde	Siv Solberg
Bjørnar Eikenes	Torger Eimhjellen
Terje Johansen (nestleiar/ ref)	Morten Jacobsen
Reidun Solberg Seim	Frode Ølmheim

Sakliste:

97/22	<u>Godkjenning av referat frå sist møte</u> - Referatet godkjent utan merknadar
98/22	<u>Referatsaker</u> Bjørnar Eikenes orienterte om at han har fått ny jobb og er flytta til møre. Reidun Solberg Seim: - 10.11, teams. Møte adm og regionsekretærar - 14.11, teams. Planleggingsmøte viltseminar - 15.11, teams. Møte Friluftsliv for barn og unge - 16.11, teams. Møte Friluftsliv for barn og unge, lokalt - 17.11, teams. Møte adm og regionsekretærar - 24. 11, teams. Møte adm og regionsekretærar - 29.11, teams. Informasjonsmøte forvaltning av villrein Hardangervidda - 29.11, teams. Forum for juss og arealpolitikk, hyttebygging - 01.12, teams. Møte adm og regionsekretærar
99/22	<u>Kontakt med lokallaga</u> Håkon Huseklepp har vore i kontakt med Fjaler JFF ang lakserømming, det har ikkje vore teikn til noko rømt fisk.
100/22	<u>Årsmøte 2023</u> Håkon har vore i dialog med Ivar Turøy i NJFF Hordaland om felles årsmøte. Dei er positive til dette, det er Sogn og Fjordane sin tur å arrangere og ynskjer å legge det saman med planlagt fagsamling i Førde 24-25 mars. Er tenkt årsmøte søndag 26.mars på scandic Sunnfjord. Innkalling må sendast ut minimum 6 veker før årsmøtet. Reidun organiserer dette, her under også påmelding til fagsamlinga samt forhandling med hotellet om pris i eige lokale under middag (Dette kostar ekstra)



	<p>Dei som ynskjer delta på fagsamling i forbindelse med årsmøte så må dei være ute i god tid.</p> <p>Årsrapportar, vi bruker styrereferat for å skrive årsmelding for 2022.</p>
101/22	<p>Gondolbane i Jølster</p> <p>Jølster har tatt kontakt med NJFF Sogn og Fjordane med bekymring for villrein i forbindelse med ei eventuell bygging av gondolbane. Jaktutvalet til fylkeslaget har sett på saka, og området der gondolbane er tenkt etablert vil truleg ikkje komme i konflikt med villreinstamma og trekkområde.</p> <p>Reidun sender vurderinga frå jaktutvalet tilbake til Jølster.</p> <p>Konklusjon: Jølster må melde attende dersom det er andre utfordringar i forbindelse med etablering av gondolbane.</p>
102/22	<p>Friluftsliv for barn og unge</p> <p>Status har fått 800 000,- frå lotteri og stiftelsestilsynet. Har i tillegg no fått 200 000,- frå fylkeskommunen.</p> <p>4H har fått utvida frist til 8 desember.</p> <p>Reidun kjem til å sende ut stillingsannonse for koordinator i prosjektet friluftsliv for barn og unge. Det vert jobba med kven som skal ha arbeidsgjevaransvaret for stillinga, FNF er førespurt men grunna statuttane til organisasjonen kan dei i utgangspunktet ikkje være arbeidsgjevar. Reidun er i dialog med FNF om dette, alternativt kan stillinga organisatorisk leggast til NJFF.</p> <p>Det vert søkt om ei 50% stilling.</p>
103/22	<p>Budsjett og Årsplanlegging 2023</p> <p>Ingunn manglar planar og budsjett frå ein del av utvala. Fristen er no overskride og det hastar med å få dette inn!</p> <p>Drøfting i møte om korleis ein kan sette opp framtidige budsjett, spørsmål om sidan årsplanlegginga vart avlyst så kan truleg det være noko av årsaka til manglande oppsett budsjett. Dette må vi jobbe vidare med.</p> <p>Ingunn setter opp budsjett for dei som mangla for 2022, slik det ser ut så gjeld dette fiskeutvalet og barn/ungdomsutvalet. Desse utvala må søke fylkesstyre om midlar til arrangement, framfor å ha eit fastlagt budsjett for 2023.</p>
104/22	<p>Planlagte aktiviteter</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tillitsvald samling 4 februar <p>Ynskje om kurs SoMe, forspør Christoffer frå sentralt i NJFF, evt skaffe nokon lokalt. Bruk av aktivitetskalender på nettsidene. Drift av lokallag, sende spørsmål om inspirasjonsforedrag til Espen Farstad. Må sende ut invitasjon raskt, minimum 20 deltakarar for at ein kan avhalde møtet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lokkekurs rev, skei hotell 4 mars klokka 15-19 - Felle fangst kurs 5 mars, betaling pr deltakar 150-200,- pr medlem - Årsmøte 26 mars. - Styresamling med noko akt/sosialt ikkje fastsett dato endå
105/22	<p>Ymse</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ingen innmelde saker <p>Håkon takkar alle for årets samarbeid og innsats og ønsker god jul og nyttår.</p>

Ref: Terje Johansen, nestleiar og referent i styret NJFF Sogn og Fjordane

